

Oslo 23.3.2021

Innspel til utgreiing om NRK

Ifylgje § 19 i NRK-plakaten skal minst 25 % av innhaldet vera på nynorsk. Kringkastingsringen er glade for at NRK greidde dette i 2020, og sit med eit generelt inntrykk av kravet blir teke seriøst. Men det er særleg to område me ber Medietilsynet sjå nærare på:

1) For lite nynorsk på NRK.no

NRK.no er blant dei viktigaste og mest lesne nettavisene i landet. Dette har vore ei stor og vellukka satsing og ei utvikling me ynskjer velkomen. Men i mange år har nynorskprosenten her vore den svakaste av dei kanalane som blir målt (18,1 % i 2019, 17 % i 2020). I målingane av språk i TV og radio blir dialekt delt jamt mellom bokmål og nynorsk. Slik er det naturleg nok ikkje på nettsidene. Det gjev oss grunn til å tru at prosentane her er meir illustrerande for korleis stoda for nynorsk er.

Nynorskprosenten må opp. NRK har dei siste åra lagt om den redaksjonelle profilen sin på nett gjennom å ha færre og lengre saker. Det vil seia at nålauga for å kome på framsida har blitt mindre. Tradisjonelt sett har brorparten av nynorsksakene kome frå distriktskontora, med det i Førde som den klårt største produsenten. Men når det skal bli færre saker på fronten, blir det verre for lokale saker å nå opp. Det blir verre å få ei lokal sak til å bli ei nasjonal sak. Dette vil seia at det må ei heilt anna satsing til. NRK kan ikkje berre lena seg på det distriktskontora produserer, også dei nasjonale redaksjonane må ta eit ansvar her.

Dette er sjølvstilt vurderingar NRK sjølv må gjera, men me ber Medietilsynet om å sjå nærare på dette. Trass i at det har blitt ei lita opning for nynorsk både i Aftenposten og hjå VG.no, er NRK.no den klart viktigaste kanalen for nynorsk i nasjonale nettaviser.

Den totale nynorskprosenten i NRK blir redda av at dei andre kanalane gjer det mykje betre, og normalt ville det vera naturleg. Men NRK.no er ikkje ei av mange nettsider, det er den einaste. Me ber difor Medietilsynet om å sjå nærare på om det er naturleg å ha nettavisa med som ein av mange kanalar, eller om ein burde ha skilt den ut som ei eiga måling. Om det hadde vore tilfelle, ville NRK ha greidd kravet sitt i sendingane sine i fjor. NRK-plakaten seier at 25 % av innhaldet skal vera på nynorsk. Då blir 17–18 % for langt unna.

2) Lite nynorsk i aktualitetskanalar

I målingane er det i tillegg tre av kanalane som skil seg negativt ut: NRK1 (22 %), NRK P2 (17,2 %) og NRK P3 (21,1 %). Desse kanalane har til felles at dei har mange direktesendingar og aktualitetsprogram.

Det ville vore lett for NRK å nå nynorskkravet om dei hadde pøst på med nynorsk i dei mest upopulære tidspunkta på døgeret. Me har ingen grunn til å tru at dette er tilfellet, men målingane syner ein tendens mot at nynorsk er vanleg i dei meir «seine» programma, medan bokmål dominerer i dei «raske» aktualitetsprogramma.

NRK har sjølve sagt at dei mange livesendingane om koronaviruset slo negativt ut, sidan dei ikkje har tilstrekkeleg med nynorsktalende programleiarar, men NRK1 hadde berre 23,9 % nynorsk i 2019, NRK P2 hadde 18,5 %. Det er sjølvsagt gledeleg at den mest populære radiokanalen, NRK P1, gjer det bra (28,7 % i 2020), men lyttartala for kanalen går stadig nedover.

NRK har nyleg lagt om strukturen sin, og distriktskontora har blitt færre og større. Ein skulle tru at det kunne gjera det mogleg å senda fleire nasjonale aktualitetsprogram frå andre stader enn Oslo, og såleis auka sjansane for å rekruttera nynorsktalende programleiarar. «Norge i dag» er eit døme på ei slik satsing. Igjen: Dette er vurderingar NRK må gjera sjølve, men me håpar Medietilsynet også kan sjå litt nærare på dette området.

Inger Johanne Ruset (sign.)

Leiar

411 40 123

Kringkastingsringen er ein medlemsorganisasjon som arbeider for mest mogleg nynorsk, dialekt og samisk i allmennkringkastinga og i media elles.